

**2019 - 2023**

# Frivilligpolitikk i Osterøy kommune

Inkludering, breidde og engasjement



Ny versjon

21.06.2019

# Innhald

Innleiing .....	3
1 Bakgrunn.....	3
1.1 Mandat for arbeidet.....	3
1.2 Status for det frivillige arbeidet.....	3
1.3 Roller .....	3
2 Mål og prosess.....	4
2.1. Mål med utvikling av frivilligpolitikk i Osterøy kommune.....	4
2.2 Prosess, organisering og medverknad.....	4
3 Overordna føringar.....	5
3.1 Statlege føringar .....	5
Plan- og bygningslova .....	5
Stortingsmelding nr. 39 (2005-2006)– Frivillighet for alle (Frivillighetsmeldingen) .....	5
Frivillighetserklæringen.....	5
3.2 Regionale føringar .....	5
Regional planstrategi.....	5
Regional plan for folkehelse .....	5
3.3 Kommunale føringar.....	7
Kommuneplanens samfunnsdel .....	7
Kommunedelplan for oppvekst .....	7
Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.....	7
3.4 Andre føringar .....	7
Dei ti frivilligpolitiske boda.....	7
3.5 Tilgang på ressursar.....	8
Kommunale ressursar.....	8
Frivillige ressursar.....	8
4 Kva er frivilligkeit.....	9
4.1 Frivilligkeit i Osterøy kommune .....	10
Idrettslag.....	10
Grendaråd.....	10
Helselag og demensforeining .....	10
Interesseorganisasjonar .....	10
Musikklag.....	11
Ungdomslag.....	11

Andre barne- og ungdomsorganisasjonar .....	11
Omsorg og beredskap .....	11
Vidareføring av tradisjonar og kunnskap .....	11
Livssynsorganisasjonar .....	12
Tur og natur .....	12
Båtlag og velforeiningar .....	12
<b>5 Behov.....</b>	<b>13</b>
5.1 Behov i frivillig sektor .....	13
5.2 Kommunen sitt behov .....	14
Sektor for samfunnsutvikling .....	14
Sektor for oppvekst, undervisning og kultur.....	14
Sektor for helse, omsorg og sosial.....	15
<b>6 Forslag til tiltak .....</b>	<b>16</b>
Møteplass .....	16
Årlege møter.....	16
Strategi .....	16
Forslag til tiltak .....	17
<b>7. Konklusjon .....</b>	<b>18</b>
Begrepsavklaringar .....	19
Bibliografi .....	20

# Innleiing

## 1 Bakgrunn

### 1.1 Mandat for arbeidet

Osterøy kommune har vedteke å utarbeide ein frivilligpolitikk som skal utvikle og betre samarbeidet mellom kommunen og frivillig sektor. Målet er gjennom dialog å identifisere korleis Osterøy kommune kan legge til rette for frivillig sektor og sjå på oppgåver der sektorane kan utfylle kvarandre. Gjennom eit samarbeid vil ein kunne betre legge til rette for deltaking i frivillig sektor i Osterøy kommune, og legge til rete for utvikling i frivillig sektor. Prosjektmandat vart vedteke våren 2017, og la føringane for arbeidet med frivilligpolitikken.

Dette strategidokumentet skildrar status og behov i frivillig sektor basert på innspel frå frivillig sektor i medverknadsmøte hausten 2017. I tillegg skildrar den også behov som kommunen kjenner til, men som ligg utanfor tenesteområdet til kommunen. Dette dokumentet skal leggje føringar for korleis samarbeidet mellom kommunen og frivillig sektor skal gjennomførast og peike på mogelegheitene som ein kan ha i eit samarbeid.

### 1.2 Status for det frivillige arbeidet

Osterøy kommune har ei lang historie med ein aktiv frivillig sektor, og har i dag mange organisasjoner med stor breidde, både i alder og i målgruppe. Frivillig sektor spelar ei viktig rolle i Osterøy kommune. Den bidrar til at me blant anna har mange ulike tilbod innan idrett og fysisk aktivitet, sosiale møteplassar, kulturaktivitetar og -tilbod, sosiale tilbod til ulike grupper og utvikling av lokalsamfunnet gjennom aktive lag i grendene. Gjennom eit godt samarbeid mellom kommune og frivillig sektor kan ein utvikla gode lokalsamfunn som motverkar utstøyting, einsemd og aukar livskvalitet hjå innbyggjarane. Ein aktiv frivillig sektor er med å bidra til at Osterøy kommune vert ein attraktiv kommune å busetje seg i. Osterøy kommune ynskjer å ta vare på denne viktige ressursen ved å vere ein tilretteleggjar og støttespolar for ein sjølvstendig og uavhengig frivillig sektor.

Ei av tre målsettingar i kommuneplanen sin samfunnssdel (ikkje vedteke enno) er at *Kommunen skal ha ein systematisk og heilskapleg innsats for å redusera sosial ulikskap* (Osterøy 2030). Deltaking og medverknad i samfunnet blir peika på som eit av fleire tiltak som kan redusere sosial ulikskap. Investeringar i barne- og ungdomsåra blir også peika på som meir ressurseffektivt enn investeringar seinare i livet. Ved å styrke frivillig sektor arbeider ein mot å nå måla i samfunnssplanen.

### 1.3 Roller

Kommunen må sjå si rolle som kunnskapsformidlar og tilretteleggjar i samarbeidet med frivillig sektor. Frivillige organisasjoner spelar ei viktig rolle i å nå måla i kommuneplanen sin samfunnssdel. Kommunen bør ikkje ta på seg oppgåver som er ansett som frivillig sektor sine. Det er viktig å skilje mellom å *legge til rette for* frivillig arbeid og *organisering av* frivillig arbeid. Kommunen kan *legge til rette for*, og frivillig sektor vere *organisator av* frivillig arbeid. Kommunen kan bidra i formidling, kompetanseheving og kunnskapsdeling. Kommunen kan også bidra med å gjere lokalar i kommunale

bygg tilgjengelege for frivillig sektor, og løfte fram frivillig sektor gjennom informasjon og marknadsføring av tilboda som dei tilbyr.

Det er fyrste gongen Osterøy kommune utviklar ein frivilligpolitikk. I denne omgang vil arbeidet omhandle samarbeid mellom kommune og frivillige organisasjonar. I arbeidet har ein sett på korleis andre kommunar har arbeida med utvikling av sin frivilligpolitikk. Andre kommunar som har arbeidd med frivilligpolitikk har sett fokus på kartlegging av frivillige lag og organisasjonar, kartlegging av korleis kommunen samhandlar med frivillige og fokus på arena for dialog mellom kommune og frivillig sektor. I tillegg er rammebetingelser for frivillig sektor eit viktig tema.

## 2 Mål og prosess

### 2.1. Mål med utvikling av frivilligpolitikk i Osterøy kommune

Prosjektmandatet for frivilligpolitikken skildrar følgjande formål for arbeidet:

- Utvikle ein politikk som skal vere forpliktande administrativt og politisk nivå i kommunen
- Nå målsettinga fastsett i kommuneplanen sin samfunnsdel
- Styrke frivillig sektor
- Styrke samarbeidet mellom kommunen og frivillig sektor
- Styrke folkehelsa

Gjennom å leggje til rette for betre samarbeid mellom kommune og frivillig sektor og mellom dei frivillige aktørane, kan ein bidra til auka forståing og kunnskap om kvarandre sitt arbeid. I tillegg kan samarbeidet på tvers av organisasjonane stimulerast og styrkast gjennom samhandling og dialog. I dag er det utfordrande å få oversikt over ulike frivillige lag og organisasjonar. Det er også eit behov for å arbeide for å gjere det mogeleg for alle å delta. Administrasjonen, politikarane og frivillig sektor må saman utvikle frivilligpolitikken for å forankre samarbeidet og skape forståing for kvarandre sine roller i arbeidet. Gjennom å styrke frivillig sektor kan ein auke deltaking i frivillig sektor og få eit breiare tilbod for innbyggjarane i kommunen og med dette bidra til at Osterøy vert ein god stad å leve heile livet.

### 2.2 Prosess, organisering og medverknad

I 2015 utlyste Hordaland fylkeskommune midlar til utvikling av frivilligpolitikk i kommunane, og Osterøy kommune søkte og fekk tilskot. Det vart i 2017 utarbeidd eit prosjektmandat som skildra bakgrunn, føremål, rammevilkår, organisering og budsjett (vedlegg 1).

Rådmannen si leiargruppe har fungert som styringsgruppe for arbeidet, der rådmannen er prosjekteigar og frivilligkoordinator prosjektleiar. Heradsstyret i Osterøy kommune gjorde 22. februar 2017 eit vedtak om å opprette politisk arbeidsgruppe som har fungert som ei styringsgruppe i utarbeidninga av frivilligpolitikken.

Hausten 2017 var det arrangert medverknadsmøte med frivillig sektor, der kring 35 personar frå ulike lag og organisasjonar møtte. Dei fekk presentert bakrunnen for utvikling av ein frivilligpolitikk og

arbeida i grupper kring spørsmål knytt til vilkåra for frivillig arbeid (for utfyllande informasjon sjå [5.1](#)). Funna i dette medverknadsmøtet vart samanfatta i ein rapport, og dannar grunnlaget for kartlagde behov i frivillig sektor (vedlegg 2).

## 3 Overordna føringar

### 3.1 Statlege føringar

Regjeringa har uttrykt forventning om auka samarbeid mellom offentleg og frivillig sektor. Dette vart sett fokus på gjennom *Stortingsmelding nummer 39 – Frivillighet for alle* allereie i 2007 (Det kongelig kultur- og kirkedepartement, 2007).

#### Plan- og bygningslova

Hovudformålet i plan- og bygningslova er å fremje berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Lova krev at all planlegging skal fremje befolkninga si helse, utjamne sosiale helseforskjellar og førebyggje kriminalitet. Lova stiller også krav til at kommunen tar ansvar for å legge til rette for medverknad i planprosessar. Her spelar frivillig sektor ei viktig rolle som høyringsinnstans i planprosessar (Justisdepartementet, 2008).

#### Stortingsmelding nr. 39 (2005-2006)- Frivillighet for alle (Frivillighetsmeldingen)

Frivillig organisasjonar er sosiale møteplassar som kan bidra til sosial inkludering, og enkeltindivid vert knytt til lokalsamfunnet gjennom deltaking. I tillegg bidreg frivillig sektor til å peike på behov i samfunnet som ikkje er dekka av den offentlege tenesteytinga, og kan peike på behov i det norske velferdssamfunnet, som igjen kan føre til ei positiv utvikling av velferdssamfunnet (Kulturdepartementet, 2007).

#### Frivillighetserklæringen

*Frivillighetserklæringen* set fokus på blant anna at retten til lokal medverknad blant anna er regulert i Plan- og bygningsloven og i Folkehelseloven. *Frivillighetserklæringen* skal sikre ein likare praksis for frivillig sektors medverknad i politiske prosessar i heile landet. Gjennom systematisk samarbeid med frivillig sektor kan ein auka lokaldemokratiet i kommunen (Kulturdepartementet, 2015).

### 3.2 Regionale føringar

#### Regional planstrategi

Eit av hovudmåla til Hordaland fylkeskommune er at Hordaland skal ha eit inkluderande samfunn. I dette ligg det (blant anna) at det skal leggast til rette slik at alle innbyggjarane kan oppleve høg livskvalitet, med deltaking i arbeids- og samfunnsliv: «*I tillegg til hovudføresetnader om arbeid og utdanning, vil fritidsaktivitet i nærmiljøet vere ei god og kompletterande kontaktskapande mulighet. Frivillige organisasjonar kan spela ei viktig rolle for grupper som ikkje deltek på andre arenaer. Offentleg støtte til frivillig arbeid for å inkludera lite aktive grupper gjennom lågterskeltilbod i nærmiljøet bør prioriterast*» (Hordaland fylkeskommune, 2016).

#### Regional plan for folkehelse

I regional plan for folkehelse vert det peika på at *ein godt samarbeid mellom frivillig og offentleg sektor vil gjere det mogleg å lykkast betre med inkludering og medverknad i nærmiljø og lokalsamfunn* (Tema 5). Hordaland fylkeskommune har sett av midlar til utarbeiding av lokal

frivilligpolitikk i kommunane som ein strategi for å nå mål om fleire gode leveår og utjamning av sosiale helseforskjellar i Regional plan for folkehelse (Hordaland fylkeskommune, 2014).

HØYRINGSUTKAST

### 3.3 Kommunale føringer

#### Kommuneplanens samfunnsdel

Osterøy kommune er i ferd med å slutføre samfunnsdelen av kommuneplanen. Planen foreslår tre berekraftsmål; Sosial, økonomisk og miljømessig berekraft.

Basert på desse tre berekraftsmåla er det sett opp 5 prioriterte satsingsområder:

1. Folkehelse
2. Verdiskaping og næringsutvikling
3. Lokalsamfunnsutvikling og tilpassing
4. Klimaomstilling og tilpassing
5. Samfunnstryggleik

Frivillig sektor speler ei viktig rolle i fleire av desse satsingsområda, både i forhold til medverknad, konkrete aktivitetar, og ved å bidra i utvikling av gode lokalsamfunn.

#### Kommunedelplan for oppvekst

Kommunedelplan for oppvekst er også i sluttføringsfasen. Frivilligpolitikken kan vere med å bidra til at ein når måla i oppvekstplanen. Frivillig organisasjonar kan med sine aktivitetar vere med å bidra til utvikling av god psykisk og fysisk helse, senke terskelen for deltaking i fritidsaktivitetar og redusere negative konsekvensar for barn som lever i låginntektsfamiliar.

#### Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv skal etter planstrategi 2016-2020 reviderast i 2019. Noverande plan er utdatert og ikkje relevant i denne omgang. Kommuneplanen sin samfunnsdel, oppvekstplanen og frivilligpolitikken bør legge føringer for prioriteringar i revidering av planen.

### 3.4 Andre føringer

#### Dei ti frivilligpolitiske boda

Frivillighet Norge er eit samarbeidsforum for frivillige organisasjonar i Noreg. Dei arbeider for ein heiskapleg frivilligpolitikk og for å sikre vekst og utvikling i frivillig sektor. Dei har i samarbeid med frivillige organisasjonar utvikla *Dei ti frivilligpolitiske boda* (vedlegg 3). Desse er basert på behov frivillig sektor har for å utvikle seg. Dei 300 medlemsorganisasjonane deira stiller seg bak desse boda som kan sjåast på som ein rettleiar til kommunane for korleis ein skal legge til rette og stimulere til utvikling av frivillig sektor (Frivillighet Norge, u.d.).

The infographic features a blue background with white icons of buildings, people, and nature. It is divided into two columns of five items each. Each item has a number, a title, and a brief description.

1	Kjenn det frivillige livet i kommunen din	Hent inn kunnskap om dei frivillige organisasjonane. Kva driv dei med? Kva mål, ressursar og utfordringar har dei? Vil dei samarbeide meir med kommunen, næringslivet og/eller andre organisasjonar?
2	Vedta ein heiskapleg communal frivilligpolitikk	Inviter heile breidda av frivillige organisasjonar til dialog. Tenk på å gje plass til det frivillige livet i all communal planlegging. Frivilligpolitikken bør bli revurdert ved nytt kommunestyre.
3	Anerkjenn det frivillige livet sin eigenverdi	Frivillige er frie og villige – til å gjøre det dei vil. Det må dei få lov til å vere, elles dør det frivillige ut.
4	Forenkling gjev meir frivillig innsats	Tid som går til byråkrati kan nyttast på meir frivillig innsats. Gjenomfør tiltak som forenkler sekretader, rapportering og kontakt med kommunen.
5	Legg til rette for eigenutvikling blant dei frivillige	Vis organisasjonane tillit og legg til rette for at dei kan nå sine eigne mål. Då når kommunen også mange av sine mål.
6	Skap dialog med dei frivillige organisasjonane	Skap faste møteplassar for organisasjonane. Rådfør dykk ned dei frivillige organisasjonane. Gje kommunalt tilsette oppleiring i mangfoldet bland dei frivillige, slik at dei kan invitere alle med. Hugs at frivillige ofte jobbar, så møter må vere etter arbeidstid!
7	Anerkjenn og stått opp om verdien av frivillig innsats og deltaking	Frivillige organisasjonar er «vaktikka i samfunnet» og skapar mellom anna utvikling i lokalsamfunnet. Dei bygger kunnskap og sosiale møteplassar, gjør tilhøyrssle, driv oppleiring i demokrati og er helseforemendje.
8	Gje frie middel	Frie middel er ein føresnæd for at det frivillige livet kan veksle på eigne premissar.
9	Ikkje konkurrer med dei frivillige organisasjonane	Legg til rette for bedre rekruttering av frivillige til organisasjonane. Ikkje «støt» dei frivillige frå organisasjonane for å utføre kommunale tiltak.
10	Skap foreseilege rammer for det frivillige livet	Foreseilege rammer skaper berekraftig drift og utvikling for dei frivillige. Eit eksempel er å legge til rette for lokale som frivillige kan nytte.

FRIVILLIGHET NORGE

## 3.5 Tilgang på ressursar

### Kommunale ressursar

Kommunen kan gjennom samarbeid med frivillige organisasjoner nå ut til fleire, og samtidig legge til rette for meir medverknad blant innbyggjarane i kommunen. Kommunen og frivillig sektor kan utveksle kompetanse og erfaring i eit samarbeid. I Osterøy kommune har ein tradisjon for at det er frivillig sektor som utviklar og etablerer tilbod til glede for heile samfunnet. Dei treng rettleiing og støtte til gjennomføre prosjekta sine. Eksemplar på dette kan vere spørsmål om eigedomsrett, rett til bruk av kommunal grunn, rettleiing til spelemiddelsøknadar, lån av lokalar, godkjenning av idrettsanlegg eller utvikling av friluftsområde. Dette er oppgåver som nødvendigvis ikkje er lovpålagde for kommunen, men som kan bidra til utvikling av lokalsamfunna og oppretthalde frivillig initiativ og engasjement. Kommunen kan stimulere til aktivitet og anerkjenne frivillig sektor sitt viktige bidrag til lokal samfunnsbygging. Kommunen bør ha ressursar til å «heie» fram frivillig sektor i form av utdeling av kultur- og frivilligpris.

### Frivillige ressursar

Deltakarar i frivillig sektor bidrar ut frå anna motivasjon enn økonomisk forteneste. Eldsjeler som blir driven av personleg engasjement, interesse og eit ynskje om å bidra til eit betre samfunn må ha «næring» for å ikkje brenne seg ut. Kommunen må anerkjenne frivillige eldsjeler sine behov, og støtte opp under initiativ som utviklar lokalsamfunnet. At kommunen møter engasjement med anerkjenning og er støttande, er ein viktig faktor for å oppretthalde motivasjonen for eldsjelene (Vestby, Gundersen, & Skogheim, 2014). At frivillig sektor er sjølvstendig og uforutsigbar, er også noko ein må ha med seg i samarbeidet.

## 4 Kva er frivilligheit

Frivilligkeit er eit samansett begrep. Det famnar både enkeltindivid og organisasjonar, der begge har som mål å yte noko som kjem samfunnet til gode utan at ein får økonomisk vinning.

Frivillig arbeid vert oftast utført gjennom organisasjonar. Eksemplar kan vere merking av turstiar, trenar i eit idrettslag eller arrangør av opne sosiale møteplassar. Ein kan også gjere frivillig arbeid som enkeltperson ein-til-ein, men ofte er besöksteneste, flyktningguide og andre ein-til-ein tenester organisert gjennom organisasjonar. Frivillig arbeid gjennom rådgjeving og informasjon kan også ytast via sosiale media, nettstader og liknande.

Ein ser same trenden i Osterøy kommune som i resten av samfunnet. Organisasjonssamfunnet har endra seg frå å ha ei overvekt av humanitære organisasjonar til ein meir spesialisert, eigenorganisert og profesjonalisert organisasjonsstruktur (Wollebæk, Selle, & Lorentzen, Frivillig Innsats - Sosial integrasjon, demokrati og økonomi, 2000). Ein har hatt ein nedgang i antal årsværk som gjennomfører frivillig arbeid, men ei auking i virtuell frivilligkeit (på nett) bidreg til at antal årsværk er relativt stabil. Likevel kan ein samanlikna med auka i folketalet sei at ein har hatt ei nedgang i frivillig arbeid prosentvis (Wollebæk & Sivesind, Fra folkebevegelse til filantropi?, 2010).

Frivillige organisasjonar har gjennom heile historia bidratt til å utvikle samfunnet vårt. Frivillig organisasjonar vart skapt ut frå behov i samfunnet som ikkje var dekka av det offentlege, og det vert danna samanslutningar som arbeida for å jobbe for eit betre samfunn. Mange av foreiningane som vart etablert på 1800-talet, var opptatt av fråhald, religion, misjon, fattigdom og folkeopplysning (Wollebæk, Selle, & Lorentzen, Frivillig Innsats - Sosial integrasjon, demokrati og økonomi, 2000). I etterkrigstida såg ein ei dreiling i organisasjonslivet, der organisasjonsformene endra seg med samfunnssendringane. Meir fritid, meir velstand og at den offentlege administrasjonen og velferdsstaten var blitt større, gjorde til at ein fekk ei endring i behov. Meir eigenorganiserte organisasjonar som er basert på eigne behov og interesser veks til snarare enn organisasjonar som har som siktet å arbeide for andre eller samfunnet som ein heilheit. Det er også skjedd ei endring innan omsorgsorganisasjonane, frå dei breie humanitære organisasjonane til fleire spesialiserte helse- og sosialpolitiske organisasjonar som fremmar medlemmane sine interesser. Dette kan vere organisasjonar som jobbar med kunnskapsformidling og politiske saker for grupper med ulike diagnosar (Wollebæk, Selle, & Lorentzen, Frivillig Innsats - Sosial integrasjon, demokrati og økonomi, 2000). Likevel ser ein at det no i seinare tid veks opp nye engasjement eksempelvis ad hoc organisasjonar som tok ansvar for å hjelpe flyktningar som kom med båt over til Hellas, eller nye organisasjonar som organiserer plukking av plast langs kystlinja etter at den mykje omtala «plastkvalen» vart oppdaga på Sotra. Desse organisasjonane blømer opp basert på akutte behov og kriser i verda, og bidreg med å hjelpe og setje fokus på utfordingane som me står ovanfor. Felles for desse organisasjonane er gjerne at det er eit kortvarig, ikkje-forpliktande engasjement og alle kan bidra med eigne ressursar dersom ein ynskjer.

I dei siste åra ser me igjen eit aukande behov for humanitære organisasjonar, og regjeringa har eit auka fokus på å skape samarbeid mellom offentleg tenesteyting og frivillige krefter for å heve kvaliteten på tilboda. Kommunen kan stimulere til aktivitet der ein ser behov som ligg utanfor det offentlege sine oppgåver. Det finns oppgåver der det offentlege ikkje kan leve – rett og slett fordi svaret på utfordringa ikkje er meir pengar eller fleire tilsette, men meir menneskeleg kontakt og

gjensidigkeit. Då er deltarar i frivillig sektor viktig som døropnar, brubyggjar, sosiale entreprenørar og ikkje minst medmenneske.

## 4.1 Frivilligkeit i Osterøy kommune

Osterøy kommune har stor breidde i frivilligkeit. Dominerande organisasjonar er innanfor idrett/sport, teater og musikk. I tillegg har me aktive grendaråd, helselag og ungdomslag, m.m. Helselaga dominera på omsorgsfeltet. Det er klart behov for fleire aktørar på omsorgsfeltet i frivillig sektor på Osterøy, spesielt retta mot unge vaksne og eldre. Ungdom er også ei målgruppe som har mindre tilbod om aktivitetar enn barn. Osterøy har organisasjonar innan kulturlivet som stikk seg ut som føregangsorganisasjonar, som stadig er i vekst og utvikling. Idrettsrådet har ein paraplyfunksjon for sport- og idrettsorganisasjonane, medan resten av kulturlivet ikkje har noko organisert samanslutning.

Fritidstilbod for barn og unge er ein viktig arena for fysisk aktivitet, meistring, sosiale møteplassar, inkludering og tilhøyradsle. Fritidsaktivitetar er utan tvil ein arena for sosial integrasjon i samfunnet.

### **Idrettslag**

Idrettslaga står sterkt på Osterøy. Desse har lang tradisjon og har vore avgjerande pådriverar for anleggsutviklinga i kommunen. Det er idrettslaga og idrettsklubbane som har vore ansvarlege for etableringa av dei fleste idrettsanlegga i kommunen. Idrettsrådet fordeler drift- og vedlikehaldsmidlar frå kommunen til idrettslaga, som driftar og vedlikeheldt anlegga. Gjennom idrettslaga og idrettsklubbane har me aktivitetar som fotball, handball, turn, ski, friidrett, orientering, stjernelag, motorsport, klatring, taekwondo, skyting, ridesport, fiske, m.m.

### **Grendaråd**

Grendaråda i Osterøy kommune vart oppretta på nittitalet. Føremålet den gong var at grendaråda skulle vere ein paraplyorganisasjon for dei ulike laga i grendene. I dag har fortsett nokre av grendene denne organiseringa, men i nokre grender er grendarådet ein sjølvstendig organisasjon som arbeider med utvikling av lokalmiljøet. Grendaråda arbeider med utvikling og vedlikehald av sentrumsområda i si gren, politiske saker som trafikksikring, bustadutvikling og høyringar, vedlikehald av friluftsområde og utvikling av turstiar i nærområde, sosiale arrangement, plastryddeaksjonar m.m. Grendaråda er også initiativtakara til oppstart av Liv og Lyst prosjekt i grendene.

### **Helselag og demensforeining**

Osterøy har mange aktive helselag og ei demensforeining som er lokalavdelingar av Nasjonalforeininga for folkehelsa. Fleire av dei har etablert og driftar eldrebustadar i kommunen. I tillegg driv dei i samarbeid med kommunen 4 desentraliserte dagsenter i kommunen – på Bruvik, Valestrand, i Fotlandsvåg og Lonevåg. Helselaga arbeider også med å vedlikehalde og utvikle turstiar i grendene og driv helsefremjande- og sosiale aktivitetar. I tillegg har Osterøy Demensforeining dagtilbod for demente i Haldorvika på Valestrand. Demensforeininga jobbar også med å skape meir openheit om demens og har kurs og samtalegrupper for pårørande. Dei har stands og innsamlingar for å auke kunnskapen kring demens.

### **Interesseorganisasjonar**

Det er fleire lokallag innan interesseorganisasjonar på Osterøy som arbeider for rettigheter og aktivitetar for sine medlemmar. Eksempel på desse er Osterøy Revmatikarlag, LHL (Landsforeningen

for Hjerte og Lungesyke) Osterøy, HLF (Hørselhemmedes Landsforbund) Osterøy, NFU (Norsk Forbund for Utviklingshemmede) Osterøy, mfl. Osterøy Demensforeining bør også nemnast her. I tillegg har ein politiske parti, andre interesseorganisasjonar som Osterøy MC klubb, Osterøy veteranbrannbilklubb, m.m.

### **Musikklag**

Musikklaga på Osterøy består av både vaksenkorps og skulemusikk. Det er etablerte vaksenkorps i Fotlandsvåg, Valestrand og Haus, pluss Osterøy Janitsjar.

I 2018 sto skulekorpsa Lonevåg og Haus i fare for å verte nedlagt pga. manglende rekruttering, men korpsa sine eldskjeler tok grep og slo saman dei ulike skulekorpsa til Osterøy Skulebrass. No har Osterøy Skulebrass medlemmar frå heile kommunen. Dei samarbeida med kulturskulen om opplæring av nye aspirantar.

Osterøykoret er også ein stor aktør innan musikk på Osterøy. Her er både unge og vaksne medlemmar, og dei er i tillegg med i prosjekt retta mot enkelte målgrupper.

### **Ungdomslag**

Osterøy har fleire aktive ungdomslag i grendene. Ungdomslaga har også ansvar for drift og vedlikehald av ungdomshusa i grendene. Fleire av husa krev omfattande oppgradering og vedlikehald, noko som er ressurskrevjande for ungdomslaga som treng inntekt til laget for å gjennomføre dette arbeidet. Nokre av ungdomslaga har søkt og fått tildelt spelemidlar til lokale kulturarena for å tilpasse og utvide lokala, men dette er ein krevjande prosess. Ein får ikkje tilskot til ordinært vedlikehald, men ombygging, universell utforming og ENØK-tiltak.

### **Andre barne- og ungdomsorganisasjonar**

Osterøy har også andre organisasjonar som Hausspeidarane og Vennskapsporten 4H som har aktivitetar for barn og unge både inne og ute. Osterøy kyrklelege fellesråd har også Kristen Idrettskontakt (KRIK), som er eit tilbod for born og unge som ønsker å kombinere glede av idrett med den kristne tru. Osterøy har også fleire indremisjonar som står for ulike arrangement. Fleire arrangerer sosiale arrangement for barn og unge. Unge Kristne er ungdommar som arrangerer aktivitetar og samlingar for unge gjennom indremisjon, der tur og fellesskap er viktige tema. Redd Barna har også lokallag på Osterøy. Dei arbeider for rettigheiter for barn og kunnskapsformidling kring dette tema. Aktivitetane deira er basar, og loddsal og aktivitetar retta direkte mot barn.

### **Omsorg og beredskap**

Røde kors lokalt har Hjelpekorps og Beredskapsvakt som bidrar til auka tryggleik for innbyggjarane. Beredskapsvakt er eit samarbeid mellom lokalt Røde Kors og Osterøy kommune og er ein ekstra ressurs som styrkjer beredskapen i lokalsamfunnet. Osterøy Røde Kors har også Besøksven og Besøksven med hund innan Røde Kors omsorg. Osterøy har også eit lokallag frå Norske redningshunder, som trenar ekvipasjar (hund og hundeførar) i sok. Desse er ein ekstra ressurs i beredskapen i kommunen og resten av fylket. Osterøyhjelpen er ein nyoppstarta organisasjon som hentar mat på Matsentralen i Bergen, og deler ut til personar som har behov for hjelp i periodar.

### **Vidareføring av tradisjonar og kunnskap**

Osterøy Sogelag, Osterøy bygdekvinnelag, Osterøy Senioruniversitet, Folkeakademiet, Osterøy Hagelag, Osterøy Husflidslag, Osterøy kunstlag, Osterøy Museumslag, Osterøy Mållag, Osterøy Reiselivslag, Vener av Mjøsvågen og Osterøy Spel- og dansarlag er alle viktige organisasjonar som vidareformidlar handverks-, kultur- og lokalkunnskap. I tillegg har Norsk-Koreansk Kultursenter

etablert seg på Bruvik. Dei tar sikte på å formidle både Norsk og Koreansk kultur og utvikle kampsport miljøet.

### **Livssynsorganisasjonar**

I Osterøy kommune har fem kyrkjesokn, Hosanger, Gjerstad, Haus, Bruvik og Hamre. Alle desse har lokale Sokneråd som har ansvar for kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakoni i soknet, og drift og vedlikehald av kyrkjene. Dei arbeider i tillegg med internasjonale misjonsprosjekt og engasjerer seg i sosiale tiltak og frivillig arbeid i grendene. I tillegg har ein aktive indremisjonar og trussamfunn som Osterøy pinsemenighet, Kristent fellesskap Osterøy, Connection, Unge kristne og Jesusfellesskapet som driv ulike aktivitetar.

### **Tur og natur**

Osterøy Fråhaldslag har i mange år hatt tradisjon for å arrangere Osterøytrimmen, som er turkart med postar som passar for alle aldrar og nivå. Desse turane har vorte svært populære, og nye og gamle turstiar har blitt danna og opprusta. Dette har skapt eit enno breiare turtilbod på Osterøy. I tillegg har Osterøy Turlag etablert seg som ein stor organisasjon med underorganisasjonar som DNT Ung og Barnas turlag. Osterøy turlag har også restaurert eit kommunalt naust på Raknes, der dei har kajakkar til utleige. Dei samarbeida med Bergen- og omland friluftsråd om å legge til rette for etablering av Kystled rute langs Osterfjorden. Turlaget er også med å oppretthalde både kunnskap og drift av turstiane på Osterøy, i tillegg til å formidle kulturhistorie og lokalkunnskap.

### **Båtlag og velforeiningar**

Det er fleire båtlag på Osterøy, som har etablert og driftar småbåthamner i dei ulike grendene i kommunen. Det er også aktive velforeiningar som etablerer og vedlikeheld vegar, leikeplassar og nærturstiar i nærmiljøet sitt.

Basert på liste over lag og organisasjonar i Osterøy kommune (vedlegg 4).

## 5 Behov

### 5.1 Behov i frivillig sektor

Frivillig sektor vart invitert inn til medverknadsmøte i forbindelse med utarbeiding av frivilligpolitikken. Invitasjonen vart sendt ut til lag og organisasjoner, lagt ut på lagsnytt i Bygdnytt og på heimesida til kommunen og Facebook. I tillegg vart den sendt ut til grendaråda med oppmoding om å henge opp informasjon i sine grender. Ein kan drøfte i kva grad dei som møtte representera det frivillige livet i Osterøy kommune, då det var hovudvekt med deltagarar frå organisasjoner og yngre deltagarar var i undertal. Det var likevel ei brei deltaking om ein ser på målgruppa til dei ulike organisasjonane. Idrettsorganisasjonane var i mindretal.

På medverknadsmøtet jobba deltagarane i grupper der dei fekk anledning til å sei noko om utfordringar og mogelege løysingar på utfordringane i frivillig arbeid og i samarbeid med kommunen. Hovudtrekka av funna er presentert under.

Frivillig sektor peika på utfordringane ved å drive frivillig arbeid i Osterøy kommune. Dei tre største utfordringane er:

- **dårleg økonomi**
- **mangel på menneskelege ressursar**
- **utfordringar med formidling av tilboda/skape samarbeid**

Økonomi er ei utfordring for mange lag og organisasjoner. Det inneber bla. a. at dei har utfordringar med å finansiere aktivitetar og prosjekt, treng hjelp med søkeradsskriving og treng midlar til å dekkje utgifter for medlemmar som manglar ressursar.

Andre utfordringar er mangel på menneskelege ressursar. Det er vanskeleg å rekruttere nye medlemmar til styreverv og prosjekt, engasjere folk til dugnadar, oppretthalde utvikling og kontinuitet i organisasjonane og det blir mykje arbeid på dei som allereie har mykje ansvar frå før. Ulempa med dette er at frivillige eldsjela brenn seg ut eller går lei.

Kommunikasjon på tvers av lag og organisasjoner vert peika på som ein utfordring. Mange arrangement vert gjerne arrangert på same dag, og ein «konkurrerer» om målgruppa. Det same gjeld kommunikasjon ut til innbyggjarane/målgrupper, der ein ikkje når ut til alle med aktivitetane sine.

Som forslag til korleis eit samarbeid mellom kommunen og frivillig sektor kan fungere, peika dei på at ei kommunalt driven nettside med oversikt og kunnskapsformidling er eit behov. Dei peika også på ynskje om nettverksmøter eller fellesmøte i regi av kommunen og det å ha ein fast kontaktperson.

Dei frivillige var mest oppteken av å få etablert ei nettside/nettportal med kalenderfunksjon for arrangement og øvingar/treningar, og oversikt over lag og organisasjoner med kontaktinformasjon. I tillegg var det ynskje om ein «ofte stilte spørsmål» funksjon. Gjerne med informasjon om tilskotsordningar og anna relevant informasjon for organisasjonane.

Andre ynskje som vart prioritert høgt var frivillighetsforum/ nettverksmøte/ fellesmøte i regi av kommunen 1-2 gongar i året med relevante tema eller kurs.

Det var stor semje om ynskje om ein kontaktperson/frivilligkoordinator i kommunen som kan hjelpe med søknadar o.l. og at kommunen viser interesse og veit kva som finns av lag og organisasjonar.

Dei kom også med mange innspel på kva kommunen og frivillig sektor kan få til gjennom eit samarbeid. Blant anna:

- kulturhus
- ny symjehall
- turstiar/turløyper/lysløyper
- meir fysisk aktivitet og kultur inn i SFO og skule
- auka trivsel og meir attraktiv kommune å bu og flytte til
- auka inkludering og fellesskap
- frivilligsentral
- betre kommunikasjon mellom lag og organisasjonar
- ta vare på det som er verdt å ta vare på i kommunen (brygger, hus og anna bygnad som har verdi på ulike måtar)
- betre tenester
- tilbod til utsette grupper
- utstyrts- og ressursbank

Lista er ikkje uttømmande

## 5.2 Kommunen sitt behov

Dei ulike sektorane i kommunen møter stadig på utfordringar der ein ser at eit samarbeid med frivillig sektor kunne vere fruktbart for ulike grupper i kommunen. Ein ser at det er område som den offentlege tenesteytinga ikkje dekker, men som kan bidra til auka livskvalitet for fleire. Eit samarbeid mellom kommunen og frivillig sektor kan bidra til å heve kvaliteten på dei kommunale tenestene, noko som igjen gagnar innbyggjarane i kommunen. Kommunen har behov for ein aktiv frivillig sektor som bidreg til å møte behov som kommunen ikkje kan dekke. Det vart gjennomført ei kartlegging av behov innad i organisasjonen via sektorleiarane.

### Sektor for samfunnsutvikling

Sektoren er eigedomsforvaltar, og forvaltar løyve til bruk av kommunal grunn til etablering av idrettsanlegg, friluftsområde, turstiar, leikeplassar, osb. Sektoren forvaltar også kommunale bygg, og lånar desse ut til frivillige organisasjonar som organiserer møteplassar, fritidstilbod og aktivitetar som kjem innbyggjarane til gode. Det er avgjerande med gode samarbeid mellom frivillige og kommunen for å få etablert gode idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, friluftsområde, turstiar, leikeplassar, osb.

Frivilligkoordinatorstillinga er knytt opp mot denne sektoren, men samarbeida spesielt innan kultur med sektor for oppvekst, undervisning og kultur.

### Sektor for oppvekst, undervisning og kultur

Sektoren har ansvar for kulturarbeidet i kommunen i tillegg til oppvekst og undervisning. Bibliotek og kulturskule ligg under denne sektoren. Eksemplar på behov frå denne sektoren kan vere frivillige inn i skulefritidsordninga, sumarleiarar, transportløysing til fritidsaktivitetar til dei med behov (jf. regjeringa

si satsing på Fritidskort), utstyrssentral/ bruktbutikk sport- og fritidsutstyr, leksehjelp på skulane og innføra den gamle husmorvikarordninga igjen.

### **Sektor for helse, omsorg og sosial**

Sektoren har ansvar for Osterøyttunet, Bu- og avlastningstenesta, Heimetenesta, m.m.

Osterøyttunet har eit samarbeid med Røde Kors besøksven. Per i dag er det *Besøksven med hund* som er på plass, og nye besøksvener kjem til etter kvart som Røde Kors kursar dei. Dei ynskjer fleire frivillige inn som besøksven, turven eller sykkelvert for rickshaw sykkelen til Osterøyttunet.

Osterøyttunet har lenge hatt godt samarbeid med frivillige i samband med dagavdeling og arrangement som skjer på huset, og ynskjer å halde fram med det. Dei har ein sjåfør til sykkelen, men treng fleire. Dei har også generasjonssong, der småbarnsforeldre er velkommen med barna sine. Open barnehage på Osterøyttunet er også eit forslag som kan føre til glede for bebruarane på Osterøyttunet. Hovudfokus er at det som skjer på Osterøyttunet, kjem bebruarane til gode. Osterøykoret er fast arrangør av basar/konsert og Hagelaget gjer ein fantastisk innsats med hagen til Osterøyttunet.

Bu- og avlastingstenesta har ikkje mykje erfaring med samarbeid med frivillige. Eksemplar som ein ser for seg kunne vore aktuelt er middagsven, turven og andre aktuelle sosiale arrangement der nokon av brukarane kunne deltatt. Ein ser at mange av brukarar kan nyttiggjere seg av dei same tiltaka som til dømes heimebuande og Osterøyttunet har tilbod om. Inkluderingskontakt i frivillige lag og organisasjonar og følgje til ulike arrangement kan også vere ynskjeleg. Elles kunne det vore interessant med eit samarbeid med idrettslag, Røde kors, Osterøy Turlag og andre.

Heimetenesta har god erfaring med frivillig samarbeid med blant annet Osterøy Demensforeining på aktivitetssenteret i Haldorvika, og helselag som arrangerer desentralisert dagsenter for eldre heimebuande. Dette er et flotte tiltak som bidrar til at de eldre får økt sosialisering og trivsel. Dei har tidlegare også hatt frivillige til matombringning, og tenkjer at det kan være aktuelt med middagsven (levere og ete mat saman med heimebuande eldre), besøksven og turven til våre brukarar.

## 6 Forslag til tiltak

### Møteplass

I budsjettet for 2016 vart det vedtatt i heradsstyret å opprette ein frivilligsentral i Osterøy Ein slik møteplass kan vere eit verktøy for å nå mål om betre samarbeid mellom kommune og frivillig sektor. Dei siste åra har det skjedd ei endring i funksjonen til frivilligsentralane, og dei har i mindre grad organisert enkeltfrivillige, og gått meir over til å verte ein ressurs for frivillige organisasjonar og for kommunane.

#### Fysisk møteplass

Ordet *frivilligsentral* ber med seg mykje historie og forventningar i Osterøy kommune. Ved å tenke nytt med tanke på både behov og mogelegheiter kan ein møteplass i tilknyting til bibliotek og gundersverksemde vere ei løysing for kommunen. Dette kan fungere som ein møteplass for frivillig sektor, der ein eksempelvis kan knyte biblioteket sine tenester saman med frivillig engasjement. Lokasjon og tilgjenge er viktig å ha med i vurderinga om ein skal etablere denne type organisering. Digitale hjelpemiddel bør vurderast og arbeidast inn i eit driftsbudsjett for ein eventuell møteplass.

#### Digital møteplass

Ein digital møteplass kan vere ein kanal for kommunikasjon i samarbeidet mellom frivillig sektor og Osterøy kommune, og i tillegg vere ein ressurs for frivillige lag og organisasjonar. Møteplassen kan betre dialogen mellom frivillig sektor og kommunen. Ved hjelp av møteplassen kan ein også utvikle nettverk og samarbeid på tvers av frivillige organisasjonar. Ein plattform der ein kan dele informasjon med innbyggjarane vil vere nyttig for å auke deltakinga i frivillige organisasjonar.

### Årlege møter

Frivillig sektor har ytra behov for at kommunen tar initiativ til nettvekssamlingar og temamøte. Eksempel på dette kan vere kurs og møter der frivillige kan drøfte utfordringar og løysingar, få kurs i styrearbeid, søknadsskriving eller anna, og ha dialog med kommunen.

### Strategi

Gjennom å bidra til å samordne informasjon, dele kunnskap og legge til rette for god dialog kan kommunen legge til rette for at frivillig sektor får gode vilkår til utvikling.

## Forslag til tiltak

Osterøy kommune skal arbeide for å ha ein knutepunktfunksjon der ein fungerer som bindeledd mellom alle dei ulike frivillige organisasjonane på Osterøy, kommunen og paraplyorganisasjonar/søknadsinstansar og andre aktuelle instansar for fremjing av frivillig arbeid. Under foreslår vi ulike tiltak som ein kan setja i gong for å styrke samarbeidet og utviklinga av frivillig sektor generelt.

Kva tenkjer du ditt lag bidra med? Ta kontakt med Osterøy kommune v/frivilligkoordinator for å få hjelp til korleis din organisasjon kan løfta sine interesser eller bidra til at det frivillige arbeidet som foregår i Osterøy kommune kjem fleire til gode. Tiltaka er ikkje satt opp i prioritert rekkefølge, og korleis Osterøy kommune bidreg må vurderast ut frå dei ressursane me rår over eller takast med i budsjettarbeidet.

Kva	Korleis
Møteplass for frivillige på Osterøy	Etablere ein fysisk møteplass/ope hus
Nettportal med database og kalenderfunksjon	Opprette nettside/ kjøpe teneste
Opprette database og vedlikehalde/oppdatere denne	Database med kontakt- og lagsinformasjon
Informasjon om søknadsskriving og tilskot	Dele informasjon, og tilby hjelpe til tilskot
Facebookside «oppdragstavle for Osterøy»	Kan bidra til deling av arrangement osv.
Lage enkle sjekklistar og malar for samarbeid	Sjekklistar og malar som ein kan bruke for å sikre at samarbeidet blir føreseieleg og har god kvalitet
Arrangere temamøte eller kurs for frivillig sektor årleg	Nettverks- og arbeidsmøte og kurs. Kompetanseheving og inspirasjonssamlingar. Kafèdialog og idemyldring
Ha ein kontaktperson for frivillig sektor i kommunen	Vidareføre frivilligkoordinator-stillinga, eller overføre ansvar til andre
Foreslå behov for kunnskapsheving og kompetansebygging	Kome med eksempel på kva behov ein har for kompetanseheving og dialog
Gjere eksisterande kommunale lokale tilgjengeleg for frivillig sektor	Utvikle rutinar eller bookingsystem for utlån av lokalar i kommunale bygg
Anerkjenne og løfte fram frivillig sektor sitt arbeid	Frivilligpris/Kulturpris
Kommunal pott med midlar som organisasjonar kan søkje på	Arbeide inn i budsjett. Kommunen set vilkår for tildeling kvart år basert på satsingsområde. Låg terskel for å søkje, enkel søknadsprosess.
Forenkle/utvikle enkle søknads- og rapporteringsskjema til kommunen ved tilskot	Utvikle digitale søknadsskjema og rapporteringsskjema

## **7. Konklusjon**

Osterøy kommune har ein brei frivillig sektor som speler ei viktig rolle i lokalsamfunnet vårt. Samtidig ser ein at det er mykje unytta potensiale ein kan utløyse gjennom samarbeid mellom kommune og frivillig sektor. Gjennom å legge til rette for dialog mellom frivillig sektor og kommunen, og mellom aktørane i frivillig sektor, kan ein stimulere til utvikling av tilboda, auka deltaking i lokalsamfunna og styrka frivillig sektor.

Samfunnssdelen av kommuneplanen, som er under utarbeiding, viser til at barn og unge skal prioriterast. Oppvekstvilkåra påverkar barn sin livskvalitet og levestandard på kort og lang sikt. Investeringar i barne- og ungdomsåra er meir ressurseffektiv enn investeringar seinare i livet, fordi kostnadene aukar og effekten av tiltak reduserast ut over i livsløpet. I dette arbeidet vil frivillig sektor og deira tilbod være heilt sentrale. Oppvekstplanen som også er under utarbeiding, syner kor viktig rolle frivillige organisasjonar speler for å skape eit godt oppvekstmiljø.

Det frivillige engasjementet i kommunen er eit positivt særtrekk ved Osterøy kommune som mellom anna kjem av ei sterke lokal tilknyting og identitet. Dette er kvalitetar som gjer at dei som bur eller flyttar hit kan følje draumane sine og skapa dei liva dei ynskjer. Ei sterke dugnadsvilje gjev eit variert og levande organisasjonsliv som kommunen kan spela på lag med. Frivillig sektor treng å få anerkjenning for arbeidet dei gjer, og ein måte å anerkjenne frivillig sektor er å etablere ein Frivilligpris.

## Begrepsavklaringar

### Frivillig arbeid

Arbeid ein utfører for andre enn familie og nære vener, utan at ein får vanlig løn for dette (Wollebæk & Sivesind, *Fra folkebevegelse til filantropi?*, 2010). Døme på dette kan vere styrearbeid, dugnadar og ansvar for aktivitetar. Å vere medlem i ein organisasjon som deltar, eksempelvis som utøvar i eit idrettslag eller deltar på medlemsmøte, vert ikkje rekna som frivillig arbeid.

### Frivillig organisasjon

*En frivillig organisasjon er en sammenslutning av personer eller virksomheter som driver frivillig virke på ikke-fortjenestebasert og ikke-offentlig basis* (Frivillighet Norge, u.d.).

### Frivillig sektor

Vert omtala som *Den tredje sektor*. Eit samleomgrep som omfattar frivillige organisasjonar og andre private verksemder som ikkje driv for fortjeneste (Store norske leksikon, 2018).

### Virtuell frivilligheit

Frivillig arbeid for et nettsamfunn eller diskusjonsgruppe, eksempelvis Facebook grupper, diskusjonsforum (Wollebæk, Selle, & Lorentzen, *Frivillig Innsats - Sosial integrasjon, demokrati og økonomi*, 2000).

## Bibliografi

Frivillighet Norge. (u.d.). *Frivillighet Norge*. Henta 17, 2019 frå <http://www.frivillighetnorge.no/>

Helse- og omsorgsdepartementet. (2007, februar 09). *Regjeringen.no*. Henta 01 08, 2019 frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/bc70b9942ea241cd90029989bff72d3c/no/pdfs/stm200620070020000dddpdfs.pdf>

Hordaland fylkeskommune. (2014, april 07). *Hordaland.no*. Henta 01 08, 2019 frå <https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/folkehelse/folkehelseplan-2014-2025.pdf>

Hordaland fylkeskommune. (2016, desember 14). *hordaland.no*. Henta 01 08, 2019 frå [https://issuu.com/hordalandfylkeskommune/docs/utviklingsplan\\_for\\_hordaland-region?e=23823142/48648592](https://issuu.com/hordalandfylkeskommune/docs/utviklingsplan_for_hordaland-region?e=23823142/48648592)

Justisdepartementet. (2008, juni 27). *Lovdata*. Henta 04 16, 2019 frå Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) §5-1: [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL\\_2-1-3#KAPITTEL\\_2-1-3](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL_2-1-3#KAPITTEL_2-1-3)

Justisdepartementet. (2011, juni 24). *Lovdata.no*. Henta 01 08, 2019 frå [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29/KAPITTEL\\_2%C2%A75](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29/KAPITTEL_2%C2%A75)

Kulturdepartementet. (2007, august 10). St.meld. nr. 39 - frivillighet for alle. Oslo. Henta 01 08, 2019 frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/68b20a00c377479c98d8bac4c4e38cf6/no/pdfs/stm200620070039000dddpdfs.pdf>

Kulturdepartementet. (2015, juni). *Regjeringen.no*. Henta 01 08, 2019 frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/99f8110d39674f3494ec9668be846c09/frivilligetserklaeringen-hefte.pdf>

Store norske leksikon. (2018, 2 20). *Store norske leksikon*. Henta 17, 2019 frå <https://snl.no/sektor>

Wollebæk, D., & Sivesind, K. (2010). *Fra folkebevegelse til filantropi?* Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivilig sektor.

Wollebæk, D., Selle, P., & Lorentzen, H. (2000). *Frivillig Innsats - Sosial integrasjon, demokrati og økonomi*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.